

## Rindal øvre i Vingrom (gnr. 12)

-- For tidligere historie, se gnr. 11 Rindal nedre

År 1668 kom som før nemnt den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det vidare fortalt om Rindal øvre ell. Oppgarden at den framleis var kyrkjegods og låg med 1 hud landskyld til Fåberg-kyrka og med 1 hud til Fåberg presteombod. Brukar på garden, var da framleis Rasmus, og det er m.a. oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var: 3 hestar og 18 naut, og at korntiende vart utreid med 3 ½ tønne, som altså svare til ei årsavling på 35 tønner. Ein merker seg elles at garden hadde eiga kvern, sikkert i Rinna elv i nærleiken av brua. På øvre Rindal, som på nedre, var det og ein humlehage, slik som det oftast va på gardar der det ferdast tilreisande og andre gjester, som var vant til å bruke øl til maten. Ein merker seg og at Oppgarden sameleis som Nigarden i den tid hadde seter på "Søesetter", Sjogen seter.

Men i 1714 hadde det vore bygslar- og brukarskifte, og Jon Ivarson fekk da tinglese bygselseddel på "Øvre Rindal som skylder til Faaberg kirke 1 hud med bøksel over og 1 hud prestebolsgods". – Om denne Jon Ivarson f. 1673 veit vi elles at han var gift med Imbjør Pedersdr. søre Hov f. 1693, og at dei hadde 1 barn, sonen Ivar, Ivar Jonsen.

Frå fem år seinare er ei sak om seterbruket på øvre Rindal. Ein Syver Pedersen let da lesa bygselseddel frå fogden Svend Stenersen på "en gresslökke i Kongens almindig ved Rindalssæter, hvorav svares i årlig rettighed 4 skl.", men om dette gjeld Sjogen eller Stilen sæter er ikkje så godt i seia.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1723. Der er det om Rindal øvre fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god. Buskapen av store husdyr var da: 3 hestar, 1 føl, 20 naut, 18 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde 6 tønner bygg og litt rug. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang, men om setra er det fortalt at den hadde berre "maadelig goed hamn". Bygslar og brukar på øvre Rindal var framleis Jon Ivarson, som altså var gift med Imbjør Pedersdr. Søre Hov. Husfrua Imbjør Pedersdr. var elles gift to gonger, først med Jon Ivarson, som døde i 1738, og så med Ole Christensen Ulland f. 1708. Ein merker seg elles at det var barn i baa ekteskap, nemleg i det første : sonen Iver f. 1724, og i det andre: døtrene: Marit f. 1741 og Guri f. 1743, og som i ungdoms år vart gift med Amund I. Tråset. Da husbonden Jon Iverson Rindal døde i 1737, var det husbonden i 2. ekteskap Ole Christensen Rindal f. 1708 som inntil vidare tok over som brukar på øvre Rindal. Men sju år seinare var i 1745 bygslar ikkje mindre modig enn at han kjøpte Oppgarden ved auksjonsskjøte. Dette kjøtet har elles ette utskrift av panteboka denne ordlyden:

"Rindal.

Auksjonsskjøte dat. 14.april 1745 tgl. 16. juni s.å. Hvorved gården Rindal i Fåberg prestegjeld beliggende som skylder 1 hud med bøxel over 1 hud, prestebolets, selges til oppsideren Ole Christensen for 330 rd. Av dette betaler han kontant 100 rd. og for de øvrige 230 rd. utgitt sin obl. av D.D. hvorved kirken og dens eiere er med 1.pr. ret stillet til underpant den herved solgte gård for den resterende kapital.

Når hans stesøn Iver Jonsen blir 30 år, vil han oplade det gjorte bud tillikemed gården til ham".

Samtidig gav og Ole Christensen Rindal dette pantebrevet:

”Rindal.

Pantebrev dat. 14. april 1745 tgl. 16. juni s.å.

Ole Christensen Rindal av Vingerum til Fåberg prestegjeld er til Fåberg Hoved- og Lillehammer anneks kirker deres eiere som er den menige almue i Fåberg prestegjeld skyldig 230 rd. mot årlig, lovlig rente 5 %, for hvilke han pantsetter sin ved skjøte av dags dato hjemlede gård Rindal der skylder 1 hud med bøxel over 1 hud prestebolets.”

”Avlest 14. august 1754.”

I mellomtida hadde så Ole Chr. Rindal i 1751 gitt bygselseddel til to av husmennene sine, nemleg: a. til Siver Siversen på husmannsplassen ”Siver Stuen” for årleg husleige 1½ rd. i årsarbeid, og b. til Johannes Andersen på husmannsplassen ”RindalsEngen” for årleg husleige 2 rd. i årsarbeid.

Tre år seinare fekk så odelsarvingen Iver Jonsen søskenskjøte på ættegarden ”Rindahl øvre” i samsvar med skjøtet av 14. april 1745.

Iver Jonsen Rindal, som dermed tok over som eigar og brukar av ”Øvre Rindal”, hadde i 1750 gifta seg med Kari Eriksdr. Onsum, og dei hadde i sitt ekteskap 3 born Det var 1. Jo f. 1755, 2. Ingeborg f. 1767, g. 1797 m. Kristen Halvorsen v/Rindal, 3. Erik f. 1770.

I Iver Jonsen Rindal si brukartid var det den 12. okt. 1768 ei større synfaringssak i Oppgarden, og denne saka er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Rindal i Faaberg.

12. okt. 1768.

Besiktigelse på grd. Rindal i Faaberg over skade på grunn av jordskred og elvebrudd, efter forlangende av oppsidderen Iver Joensen. Iver Rindal opplyste at foruten den skade som overgikk hans gård i 1760 ved flom i Rinden elv, hvorefter han fikk 5 års skattefrihet, har den samme elv ved St. Hanstid inneværende år, ved en overordentlig flom nedrevet og ruinert hans bygninger og anlegg og forårsaget jordskred og ødeleggelse, så at gården, som skylder 2 huder og er ansatt for ½ soldatlægd, umulig kan bestå for sin skyld.

Retten beså gården, som ligger på en pynt mot Mjøsen og har Rinden elv på vestre side, hvor gården har sine enge. Ved den store flom i 1760 har elven tatt så meget med sig at den ved mindste flom senere vil ta mere. Således har den i år overskyldt gårdens betydeligste enger, og fylt dem med sand, stener og store trær. Skaden utgjør 1/3 part av gårdens avling. Et møllebruk er også ruinert.

Eragtet: Vel har gården lidt så stor skade på eng og utmark at endel derav måske aldrig kann bringes istand. Man kan dog ikke skjønne at det for tiden bør avgå noget av gårdens matr. skyld. I håb om at opsidderen gjør sin yderste flid for å reparere det ruinerede og forebygge nye skader, må han allernådigst efter Kong. approbation forundes 5 års skattefrihet.”

Som ein her ser går det tydeleg fram at det altså var stor skadeflom i Rinna både i år 1760 og 1768.

Fjorten år seinare kjøpte i 1782 faren Iver Jonsen ættegården Rindal øvre over til sonen Jon (Jo) Iversen for kjøpesum 999rd. Ved denne handelen er elles gardnamnet skrive ”gården Rindahl øvrestuen”, og det er vidare opplyst at i handelen var og medrekna ein del ”løsøre effekter”.

Husmannsplassen Syverstuen er atter omhandla i 1781. Faren Iver Jonsen Rindal gav da den 18. juni 1781 skjøte til yngste sonen sin, Erik Iversen f. 1770, på desse eigedomane: ”en under gården Rindahl liggende plads Syverstuen med engelandet Rødahlen som er indgjerdet og Skaugrudflaten kaldet tillikemed 2 mål aker på tuvlandet for sum 99 rd.” Det ser etter dette ut til at faren Iver Jonsen Rindal måtte vera ein sær sars framsynt mann, med di kjøparen, sonen Erik, enda var berre 11 år.

Den nye brukaren i Oppgarden, broren Jon Iversen f. 1755, hadde i 1779 gifta seg med Sønnøv Olsdtr. søre Hov, og dei fekk 11 born. Dei var: a. Kari f. 1780, b. Marit f. 1781, g. 1805 m. Ole Andersen Ulland, c. Ingeborg f. 1783, g. 1804 m. Torger Jonsen Verket, d. Randi f. 1786, g. 1807 m. enkemannen Tomas Hansen Rise, e. Beret f. 1788, f. Eli f. 1791, død same året, g. Iver f. 1793, død 1794, h. Eli f. 1795, gift med Hans Jensen Skjeggestad, i. Johanne f. 1798, g. 1821 m. Kristofer Kristofersen Mælum, j. Iver f. 1800, død 1801, k. Olea f. 1802, død same året.

Ei sak av år 1800 viser at husbonden på øvre Rindal i denne tid hadde stort pengeforbruk. Saka er elles etter utskrift av tingboka ref. slik:

”Rindal i Fåberg.

Månedsting 30. april 1800.

Publ. en Christiania bytingsdom avsaft 19. desb. f.å. hvorved Jon Rindahl i Fåberg er tilpliktet å betale borgermester N.D. Osterhaus kapital 1050 rd. med rente fra 16. aug. f.å. til betaling sker, samt 8 rd. i sakens omk.”

Av 17. juni s.å. er ei sak av eit heilt anna slag, og saka er etter utskrift av tingboka framstilt slik:

”Rindal i Fåberg:

17. juni 1800

Joen Rindahl meldte at han har hatt den ulykke at 5 av hans egne heste og en tilhørende husmannen Thomas Diget er så befengt av Snive (smittsam hestesjukdom) at de må skyte dem imorgen, for at naboerne ikke skal få samme ulykke. Efter hans anmodning hadde fogden utnevnt 4 mann, som avvikte lørdag hadde taksert hestene således: 1 rød hest: 40 rd., 1 grå ditto: 32 rd., 1 hvitblakk: 30 rd., 1 elgsblakk: 25 rd., 1 rødblakk: 27 rd. og Thomas Digets hest: 21 rd. Taxationen ble med ed bekreftet å være holdt efter beste skjøn, hvorefter dette som tingsvidne ble avsluttet.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og de budde da 8 familiar på øvre Rindal. Dei var:

1. familie: 1. Jon Iversen, husbonden, 46 år, 2. Sønnøv Olsdatter, kona hans, 43 år, 3. Kari Jonsdtr., dotter deres, 21 år, 4. Marit, dotter deres, 19 år, 5. Ingebor, dotter deres 17 år, 6. Randi, dotter deres, 15 år, 7. Beret, dotter deres, 13 år, 8. Eli, dotter deres, 6 år, 9. Johannes, son deres, 3 år, 10. Iver, son deres, 1 år, 11. Kari Eriksdtr., føderåds kone, 54 år, 12. Erich Iversen, tenestkar, 31 år, 13. Ole Pedersen, tenestkar, 17 år, 14. Ole Knudsen, tenestkar, 50 år, 15. Lars Kristensen, tenestkar, 17 år, 16. Kjersti Kristensdtr. tenestkvinne, 22 år, 17. Sønnøv Olsdtr., legdslem, 80 år, 18. Christen Jacobsen, ”Inderste, Tømmermand”, 54 år.

2. familie: 1. Christen Halvorsen, husmann med jord, 25 år, 2. Ingebor Iversdtr., kona hans, 35 år, 3. Eli Christensdtr., dotter deres, 4 år, 4. Lars Hansen, ”Inderste og har Møllebrug”, 66 år.

3. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, 44 år, 2. Marit Pedersdtr., kona hans, 46 år, 3. Ingeborg Olsdtr., dotter deres, 14 år, 4. Martha, dotter deres, 10 år, 5. Ole Olsen, son deres, 6 år.

4. familie: 1. Ole Syversen, husmann med jord, 37 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 48 år, 3. Kari Olsdtr., dotter deres, 8 år.

5. familie: 1. Christopher Olsen, ”Inderst uden jord, gaaer i dagleie”.

6. familie: 1. Ole Amundsen, husmann med jord, 41 år, 2. Gunnild Johansdtr., kona hans, 33 år, 3. Amund Olsen, son deres, 9 år, 4. Martha Olsdtr., dotter deres, 7 år, 5. Johanne, dotter deres, 4 år.

7. familie: 1. Thorger Olsen, føderådsmann, 49 år, 2. Ingebor Christensdtr., kona hans, 47 år, 3. Anne Thorgersdtr., dotter deres, 14 år, 4. Martha Torgersdtr., dotter deres, 11 år.

8. familie: 1. Halvor Olsen, husmann med jord, 40 år, 2. Sidsil Pedersdtr., kona hans, 56 år, 3. Ole Halvorsen, son deres, 10 år, 4. Goro Olsdtr., ”Inderste og gaaer i Dagleie”, 43 år, 5. Anne Larsen, dotter hennes, 15 år, 6. Christen Christensen, son hennes, 6 år.

Husbonden Jon Iversen brukte så Oppgarden til han døde i 1813, og det var da atter arveskifte på Rindal. – Ved dette skiftet vart arvebuet oppgjort i riksbankdalar, og slik at grd. Rindal var taksert for 7000 rbd.N.V., og arvebuet utgjorde brutto 10114 rdb. og netto 3552 rbd. Det er elles opplyst at ved skiftet vart 5624 rbd. utlagt til lensmann Fliflet, truleg på vegne av kreditorane, og 1375 rbd. vart utlagt til sterboenka Sønnøv Olsdtr. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sønnøv Olsdtr. dei 7 borna som da var i live. Av dei var dottera Kari da gift med Thomas Jacobsen Diget, Jørstad, Marit var gift med Ole Andersen Rindahl, Ingeborg var gift med Torger Gryte, Randi med Thomas Riise, og Beret, Eli og Johanne var framleis ugifte.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Rindal øvre m/1/2 Kolrud” oppgitt at buskapen av store husdyr da var 5 hestar og 24 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 80 tønner.

Thomas Jacobsen Jørstad fekk skjøte på Rindal i 1815. Han var ein særmerkt mann ”som hadde vært god til å krafse til sig uten at det blir sagt noe egentlig vond om ham”. Han og Kari Rindal var bornlause, og ved skjøte av 31. august 1822 selde han øvre Rindal til svogeren Hans Jensen Skjeggstad på nedre Rindal, men bruket ½ Kolrud var da ikkje med i handelen.

Hans Jensen Skjeggstad og Eli Jonsdtr. ø. Rindal fekk 7 born, nemleg: 1. Oline f. 1817, gift 1834 med Christian J. Sorgendal, 2. Simen f. 1819, død same året, 3. Sigrid f. 1820, død 1835, 4. Ingeborg f. 1822, død 1824, 5. Johanne f. 1824, g. 1841 m. Christian A. Jørstad, 6. Eli f. 1826, g. 1851 m. Christopher S. Borud, 7. Ingeborg, tvilling, f. 1826, g. 1846 m. Hans Arnesen Jørstad. Mora, Eli Jonsdtr, Rindal, døde ved tvillingfødselen i 1826. Mannen Hans Jensen skulle ha vanskeleg for å overvinne dette tapet, og i 1835 selde han så øvre Rindal til svigersonen Christian J. Sorgendal.

Dei nye husbondsfolka, Oline Hansdr. Rindal og Christian Sorgendal, fekk i sitt samliv også 7 born, og dei hadde den lykke at visstnok alle levde opp. Dei 7 borna var: a. Thomas f. 1835, b. Jørgen f. 1837, g.m. Marte Engebretsdtr. Hoff, c. Hans f. 1841, d. Kristiane f. 1843, e. Karen f. 1846, død 1911, f. Sigrid f. 1851, g. Kristine f. 1858.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Rindal øvre fekk da som si nye matrikkelskyld: 12 skylddalar 2 ort 15 skilling. – Fjorten år seinare var det i 1852 ei skylddelingsforretning på øvre Rindal, og det ½ Kolerud som da atter låg til garden vart fråskilt og selt til Ole T. Moen. – Snart etter var det i 1854 utskifting av Fåberg Vestfjell, der Rindalsgardane hadde store interesser, og i 1863 var det utskifting av sameigeskog mellom Rindalsgardane.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Rindal øvre såleis oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde ca. 470 mål, og av dette var 156 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyr-haldet på sjølve garden øvre Rindal da var: 3 hestar, 24 storfe og 42 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm. 11 storfe og 42 småfe. Ført på same måten var utsæden på sjølve garde øvre Rindal i den tid ca. 15 tønner korn og 20 tønner settepoteter, men dertil vart det på plassane til garden tilsm. sådd og sett: ca. 7½ tønner korn og 9½ tønner settepoteter.

I 1865 var elles husbonden Chr. J. Rindal, som han oftast skreiv seg, alt død. Enka Oline Rindal sat så i uskifte bu til i 1867, da ho skjøte ættegarden over til sonen Thomas Rindal f. 1835. Kjøpesummen for garden var da 2 500 spd. + føderåd verdsett til 500 spd.

Den nye husbonden, Thomas Rindal f. 1835, var gift med Marte Kristiansdtr. øvre Dal, og dei hadde desse borna: 1. Berte Kristine f. 1866, lærarinne i Vingrom i mange år, død 1944, 2. Oline Tordis f. 1869, handverkslærarinne, død 1958, Kristian f. 1874, gardbrukar på ættegarden øvre Rindal til i 1939, 4. Borghild f. 1868, gift med Jørgen Ouren, 5. Sigrid Bergliot f. 1884, død 1950, gift med landbruksskulestyrar Bjørn Owren.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og –øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Rindal øvre fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 12 av samla skyld 21,91 mark, og dette var altså enda i den tid da Thomas Rindal var eigar og brukar av garden.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd det skifte at enka Marthe Rindal i den tid var brukar av garden.

Som eit anna streif av denne nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 13 personar med røysterett på og/eller ved Rindal øvre. Dei var: husmor og gardbrukar Marte Rindal, 67 år, 2. sonen Kristian Tomassen, 33 år, 3. lærarinne Kristine Tomasdr., 41 år, 4. husmann Andreas Olsen Kalløkken, 55 år, 5. arbeidar Kristian Johansen Kalløkken, Rugsveen, 33 år, 6. husmor Juline Johansdr., kona hans, 37 år, 7. gardbr. Peder Brækken, 55 år, 8. husmor Marte Brækken, kona hans, 53 år, 9. arbeidar Kristian Pedersen Brækken, 33 år, 10. husmann Ole Amundsen Brækken, Rindalsengen, 48 år, 11. husmor Lise Brækken, Rindalsengen, 48 år, 12. husmann Johannes Johansen Brennum, Brennum, 52 år, 13. husmor Johanne Brennum, kona hans, 55 år.

Sonen Kristian Rindal overtok garden i 1908 og gifta seg med Mathea Lundgaard. Dei hadde i sitt ekteskap 6 born, men av dei døde 4 som små. Dei som levde opp var: a. Tord f. 1914, b. Kristian f. 1922.

Kristian og Mathea Rindal brukte så Oppgarden til i 1939, da dei gav skjøte til sonen Tord f. 1914. Det er her på sin plass å nemne at Kristian T. Rindal ved sida av å vera ein innsiktsfull og dugande gardbrukar m.a. i ei årrekke har vore eit aktivt og interessert medlem av styret for Fåberg historielag.

Den nåverande eigar og brukar av Oppgarden Rindal, Tord Rindal, er gift med Ingeborg Dahl, Sør-Hove, og dei har 4 born, nemleg: a. Einar f. 1940, b. Harald f. 1942, c. Kjell f. 1944, d. Gerd f. 1948. Tord Rindal, Vingrom, vil elles vera velkjend som sanginstruktør og for sin trufaste innsats for korsangen.